

## Aktivitetsplan 2015/2016/2017

Dato:	Aktivitet:	Ansvarleg:
Sønd. 17. mai	Nasjonaldagen	Styret
Laurd. 6. juni	Konsert på Eid	Styret
Tirsd. 18. aug.	Øvingsstart til hausten	Styret
Fred. 16. okt.	Heim i haust	Erling, Laila M, Anne-Mari, Alice
Sønd. 18. okt	Basar/Jubileumskonsert	Ingunn, Tove, Harald O, Laila Berg
???	Nordvest Meisterskapen	
Sønd. 29. nov.	Julegrantenning	Styret
Søn. 20. des	Julekonsert	Styret
Laurd. 9. jan. 2016	Nyttårskonsert	John Inge, Lisbeth, Tor-Åge, Heidi, Asbjørn
Laurd. 9. jan. 2016	Årsfest	Terje, Sindre, Marte
3.-5. juni 2016	Stormfestival	Erling, Eli, Reidunn, Sølvi, John Inge, Terje
Haust 2016 eller våren 2017:	Utanlandstur	Komite

### Tid for å fornye abonnement på Vredens Gnag

Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 120 kroner eller til konto-nummer 3705 24 26104.

Du må hugse å skrive namn på giroen på kven du betalar for. Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt

Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com



*Artig instrument  
Terje  
spelar på.*

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 5

22. årgang

Mai 2015

## Fekk ein flott tredje plass på Sjøholt



Laurdag 18. april deltok Torskangerpoll Musikklag på Tomra/Ørskog Brassfestival på Sjøholt. Korpsa som deltek i 2. divisjon var: Fræna Musikkorps, Stordal og Vatne Hornmusikklag, Herøy Brass, Vestnes Musikklag og Torskangerpoll Musikklag. I 1. divisjon deltok Molde Brass Band, Tomra Brass Band og Ørskog brass. Dommarrar var Erling J. Myrseth, Miki Campins og Jon Gorrie. Marte tok imot pokalen. Sjå resultat inne i bladet.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Var med på historisk markering



Torskangerpoll Muusikklag var med på ei spesiell markering i Måløy over to dagar med Måløyraidet som ei viktig hending i samband med markeringa av at det er 70 år sidan krrigen var slutt. Torskangerpoll Musikklag var med å spele saman med Måløy Musikklag. Det var marsjering og speling fleire stadar i Måløy. Laurdag var det konsert på Torget saman med Måløy musikklag og

fire kor. Audun Færestrand fekk statens sin æresmedalje.



## Skal vere med på konsert i Eid

Laurdag 6. juni skal Torskangerpoll Musikklag spele konsert på Nordfjordeid saman med Kjølsdalen Musikklag, Jølster Musikklag og Eikanger og Bjørsvik Musikklag. Konserten skal vere i operahuset.

## Slik blir opplegget 17. mai

### 07.15: Torskangerpoll Msuikklag:

Avgang frå grendahuset i Vågsvåg til speling diverse plassar i Vestre krets. Frukost for korpset etter spelninga

07.45: **Holvik skulekorps:** Oppmøte på Holvik skule: Vi spelar Ja, vi elsker, og et god frukost.

10.15: **Holvik skulekorps og Torskangerpoll Musikklag:** Oppmøte i svingen i byggefeltet i Vågsvåg med alt utstyr til folketog. Vi marsjerer til gren-

dahuset i Vågsvåg klokka 10.30. Arrangement på grendahuset og minikonserter md Torskangerpoll etter konserten.

13.45: **Holvik skulekorps og Torskangerpoll Musikklag:** Oppmøte utanfor Holvik skule og oppstilling til marsjering i folketog klokka 14.00. Minikonserter med Holvik skulekorps etter oppmarsjen.

16.15: **Holvik skulekorps og Torskangerpoll Musikklag:** Fellestog i Måløy. Oppmøte ved Terminalen. Holvik og Torskangerpoll går i lag.



## Resultatliste Tomra/Ørskog

### Brassfestival:

2 divisjon:

1: Fræna Musikkorps: 8 90 Totalt: 98

2: Herøy Brass: 8 87 Totalt: 95

3: Torskangerpoll: 6 86 Totalt: 92

4: Stordal og Vatne: 7 84 Totalt: 91

5: Vestnes Musikklag 5 82 Totalt: 87

Solistpris i Paul Eidhammer, Klarinett, Vestnes Musikklag

1 divisjon:

1: Molde Brass Band 9 92 Totalt: 101

2: Tomra Brass Band 7 89 Totalt: 96

3: Ørskog Brass 7 87 Totalt: 94

Solistpris: *Stiin Berbe, Althorn,*

*Tomra Brass Band*

